

LOV OG EVANGELIUM

Gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 8

15. oktober 1982

18. årgang

I Herrens hånd

Av Josef J. Nilsen

Da jeg våknet forleden morgen, kom dette ordet til meg: «Alle dine hellige er i din hånd —»

Jeg fant fram ordet i 5. Mos. 33,3. Der står også: «Ja, han elskar folket høgt —» (nynorsk overs.). Men for meg var det dette med Guds hånd som ble så godt.

I nynorsk-Bibel, som jeg bruker mest, er ordet «alle» utelatt. Det er en gammel oversettelse, men i den nye oversettelsen, som nylig er kommet, er dette ordet tatt med.

I Guds hand er vi trygge. Ser vi på oss selv og andre kristne, kommer vi ofte i tvil. Synd og verdslyhet synes å ha stor makt. Når det gjelder de unge — de nyfrelste — synes deres atferd å være så lik den måte verden lever på. Det burde naturligvis ikke være slik. Vi føler nød og omsorg for de unge troende i dag.

Men så snart de er født på ny, er de i Guds hånd. For det står skrevet: «ALLE dine hellige er i din hånd —». Og alle er de helliget for Gud på grunn av Jesu offer på Golgata kors.

Denne stilling har vi i Kristus. Ikke på grunn av hva vi er eller har gjort, men ene og alene på grunn av det Han er og har gjort. Ordet «alle» innbefatter den

nyomvendte så vel som den eldre troende.

Om denne hånden sier Jesus i Joh. 10,28-29: «— ingen *skal* rive dem ut av min hånd. Min Fader, som har gitt meg dem, er større enn alle, og ingen *kan* rive dem ut av min Faders hånd»

Hvor stort er ikke dette: Ingen skal og ingen kan. I Jesu hånd og i Guds hånd holdes du fast. Vi har ikke lov å bytte ut ordet ingen med et annet ord.

Det er for øvrig mange andre ord i Bibelen som taler om Guds sterke, vernernde hånd. Finn fram dem! Om du skulle ha snublet og falt, gjelder dette ordet like fullt. Også i motgang, trengsel, sykdom og nød er vi i Hans hånd.

Dette kan jeg vitne om. Det har vist seg å holde.

Om det føles som om denne hånd ville slippe meg en liten stund, og det syntes som jeg sank i likhet med Peter hin gang på sjøen, så drog hans sterke hånd meg opp igjen. Derfor må jeg si med Asaf: «jeg blir *alltid* hos deg, du har grepet min høyre hånd».

Dette er grunnen til at alle Guds hellige BLIR hos Herren. Hans grep glipper aldri.

I skal elske hverandre

Av Øivind Andersen

Bønn: Jesus vi takker deg fordi vi har dette ditt ord, og fordi vi igjen får lov å være samlet om det også på denne måten. Herre, nå ber jeg til deg at du vil tale til oss, at du vil møte oss personlig, at du vil gi oss det som *du* ser vi trenger. Takk fordi vi får høre deg til, så vi kan være brukbare som dine vitner og dine redskaper overfor våre medmennesker. Amen.

Vi skal stanse for et Guds ord fra Jhs. evangelium kap. 15, 12—17 i Jesu navn: «Dette er mitt bud at I skal elske hverandre, likesom jeg har elsket eder. Ingen har større kjærlighet enn denne at han setter sitt liv til for sine venner; I er mine venner dersom I gjør det som jeg byrder eder. Jeg kaller eder ikke lenger tjener; for tjeneren vet ikke hva hans herre gjør; men eder har jeg kalt venner, for alt det jeg har hørt av min Fader, har jeg kunngjort eder.

I har ikke utvalt meg, men jeg har utvalt eder, og jeg har satt eder til å gå ut og bære frukt, frukt som varer, forat Faderen skal gi eder alt det I beder han om i mitt navn. Dette byrer jeg eder at I skal elske hverandre.» Amen.

At dette er noe som ligger Jesus særlig på hjerte, hører dere av måten han sier det på: *Dette* byr jeg eder. Han understreker det, han kommer ikke med lov og med krav når han sier det. Det er som om han sier at dette legger jeg eder på hjerte, det som jeg sier nå er det viktigste av alt for dere. Og nå skal du høre hva

jeg legger dere på hjerte, sier Jesus, at du skal elske dine medkristne på samme måten som jeg elsker dere.

Hovedsaken i dette ordet ligger i dette: *Likesom jeg har elsket dere*. Her er det det nye kommer inn, og så kan man spørre: Hvordan har Jesus elsket meg? Han har elsket oss slik at han har gitt sitt liv for sine venner. Han har tatt bort våre synder, han har tatt bort dommen og straffen som vi ellers måtte ha fått, han har frelst oss fra fortapelse, han har frelst oss fra den elendighet vi har pådratt oss, og ikke minst, du, Jesus har kjøpt oss fri fra alt det onde som vi kjenner på og bærer i dag i vårt gamle menneske. I Jesus har du en hel og fullkommen syndernes forlatelse, i Jesus har du også en hel og fullkommen syndernes forlatelse også fra det du kjenner på og er, det som sitter i deg fra dag til dag og som du aldri blir kvitt. Du har ikke syndernes forlatelse bare for det du har gjort eller forsømt, men også for det du er, ja hva du har sagt og gjort og ment og følt og opplevd, alt har Jesus kjøpt oss fri fra, og vi eier syndernes forlatelse og med det selve det evige liv.

Ser du, dette er Jesu kjærlighet til oss, og det er denne kjærlighet han mener vi skal vise hverandre. Det er ikke noe vi skal prestere, ikke noe vi skal ta oss sammen og få til, men vi skal vise andre den kjærligheten som Jesus viser meg, det som jeg eier i Jesus, det er det som jeg skal få være redskap for overfor andre,

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt til alle som sender eksp., namn og adr.

Bladet blir halde oppe av frivillige gaver.

Eksp.: O. Dyrøy, 5620 Tørvikbygd.

Alt som har med bladet sin eksp.
blir sendt dit, som tinging, oppseiling
og adresseforandring.

Gaver til bladet. Postgiro 5 68 21 33.

Red. Amund Lid, post 5600 Norheimsund.

Tlf. (055) 51 080.

Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Form. Ragnar Opstad

Opstadv. 38, 4350 Nærø Telf. 04-433685.

Kass. Sverre Bøhn, 5601 Norheimsund.

Postgiro 5 68 21 33. Bankgiro

Vikøy Sparebank 3530.21.00932.

ØYSTESE TRYKKERI A/S

og da serskilt overfor dem som selv tror
på Jesus.

Det blir et underlig samfunn mellom oss som tror på denne måten, og Jesus sier at verden skal kjenne, og de skal oppleve at vi som tror på Jesus og er døpster, på at vi har innbyrdes kjærlighet. De sa om de første kristne: Se hvor de elsker hverandre, og det er på samme måten i dag det. Når disse som møter hverandre, så skal de se på dem, de skal føle det på lang avstand også i dag.

Dette er det Jesus legger oss på hjerte så inderlig at vi skal bli i denne kjærligheten, og det er dette Jesus tenker på når han bruker det uttrykket: *Dersom I gjør det jeg byr eder.* Når Jesus bruker det uttrykket, da tenker han ikke på vårt forhold til loven, på at om vi skulle og kunne gjøre alt det som loven påbyr oss, da var vi venner. Dette kommer ikke inn i bildet her. Det Jesus snakker om er at vi tar til oss det som han er, det som han

har gjort, det som han har lagt oss på hjerte, at Jesus får være den han i virkeligheten er blitt for oss, og at vi tror og tar vare på hans ord som det mest verdifulle av alt det vi eier og har i denne verden. Det er nettopp dette som er meningen med disse uttrykkene som Jesus bruker her i Johannes evangeliet, og som du også så ofte finner igjen i Johs. 1. brev: Dersom I holder mine bud, dersom I holder mine ord. Det har ikke noe med loven å gjøre, men det er dette å ta vare på Jesu ord som det mest verdifulle av alt det han har gitt oss.

Når du lever i Jesu Kristi ord, da er du i sannhet en Jesu Kristi venn, og da har du ikke utvalt Jesus, da har Jesus utvalt deg. Det at vi er kommet til troen, er sannelig ikke vår egen prestasjon. Det er Guds eget ord som har skapt troen i våre hjarter, det er Jesus selv som har virket at vi tror på ham, det er Jesus selv som har knyttet oss til ham selv. Vi har så viss ikke utvalt oss selv, det skal være sikkert og visst, det er ham som har utvalt oss, og det har han da gjort fordi vi skal bære frukt for ham mens vi er her i verden.

Denne frukt er det sinn som fødes i oss ved at Jesus selv bor i vårt hjerte gjennem det som han har gitt oss. Det går frem av det kap. som vi leser fra her, der Jesus taler om vintreet og grenene og sier at blir vi i ham, da blir han i oss, og dersom vi blir i han og han i oss, da bærer vi megen frukt, og da kommer vi i vårt daglige liv til å vise oss som hans døpster. Gjennem denne frukt, som altså er et nytt sinn, Åndens frukt som det heter, blir vi levende vidnesbyrd om hvem vi tilhører og vi får et sinn som har trang

til å hjelpe våre medmennesker, og vi gjør det uten å tenke på at vi skal gjøre det. Og noe av det som preger dette sinn, det er at det tar seg av det enkelte menneske, nettopp at han tar seg av den enkelte og ikke tenker på store oppgaver og store innsatser. Det vi mennesker kan gjøre av oss selv er å lage produkter, mennesket kan aldri skape frukt. Menneskene kan laga produkter, det kan de lage i en fabrikk, og det kan de også i kristen virksomhet, og det er mange kristne som er veldig produktive, men det er en ting de ikke kan, de kan ikke lage frukt, og det er mange kristne som slett ikke bærer frukt. Mens det finnes kristne som slett ikke ser så produktive ut, men som nettopp bærer frukt og som ærer Guds navn.

Jesus har ikke satt oss til å være produktive, men han har satt oss til å bære frukt, og den frukten den varer, den følger med oss like inn i himmelen, sier Guds ord.

Og merk deg, dette har han gitt oss forat Faderen skal kunne gi oss alt det vi ber ham om i Jesu navn. Alt det du trenger for å bære frukt ubetinget i Jesu navn, og du har et betinget løfte i Jesu navn om at Faderen skal gi deg alt det du trenger for å bære den frukt som Jesus har satt deg til å gå ut og bære, den frukt som varer, den som Jesus sier at Faderen blir herliggjort ved, og som viser at vi i sannhet er Jesu disipler.

Ta imot dette i Jesu navn, det er det Jesus legger oss på hjerte framfor alt annet i dag. Amen.

Sigersferd i Kristus

(2. Korint. 2,14)

Men Gud vere takk, som alltid fører oss fram på sigersferd i Kristus og ved oss openberrar angen av kunnskapen um han på kvar stad!

Her i dette ordet takkar Paulus Gud som alltid fører oss fram på sigersferd i Kristus. Lovsangen og takken var ikkje sjeldne gjester i Paulus sitt liv, sjølv om han måtte gjennomgå harde prøvelser for si tru skuld.

Når han talar om sigersferd, alltid sigersferd, då er det vel slik at ein har lyst til å protestera. For skal vi sjå på dei daglege ting så er det vel helst nederlagsstemning som vil innta oss. Det ser så smått ut alt, og kven får seg vel til å sjå

at han er på sigersferd. Men her som alltid er det augene som ser og hører det kjem an på. Sæle er dei augene som ser det de ser, sa Jesus ein dag til sine disiplar. Må Herren gjeva oss opne auger, så me ser dei underfulle ting i Herrens lov.

Den fyrste som me vil ta for oss i denne samanheng, og som er grunnlaget for all siger, er sigerhelten frå Golgata, Jesus. Då han vandra her på jord, var det ikkje mange som såg at han var på sigersferd. Då han blei fødd, var det ikkje rom for han i herbyrge, så han blei fødd i ein stall. Han levde ikkje mange dage før foreldra måtte røma med han til Egypten, for Herodes ville drepa han.

Det som er født av Gud har alltid hatt trønne kår her i verda. Men likevel er det sigersferd i Kristus. Me hører ikkje mykje om Jesus etter hans fødsel, før han som 30 år gamal mann kjem til Jordan for å bli døypt av Johannes. Etter dåpen blei han av Anden førd ut i øydemarka for å bli freista av djevelen. Han var utan mat i fyrti dagar og fyrti netter og var hungrig då så langt leid.

Me kan vel ikkje tenkja oss inn i dette å vera utan mat i så lang tid, me som må ha mat minst tre-fire gonger for dagen. Det var vel ikke mykje som tala for at han var på sigersferd i øydemarka. Men då djevelen kom for å freista han, for å forsøka føra han til fall, då sigra Jesus over djevelen. Jesus møtte djevelen mange gonger seinare, men det var aldri eit nederlag i hans liv. Han er prøvd i alle ting i likhet med oss, dog utan synd.

Då han ligg på sitt andlet i Getsemane, og ropar i sin nød og smerte til himmelens Gud og Far, og sveitten hans vart som bloddropar som fall ned på jorda, då er der vel ingen ting som talar for at han er på sigersferd.

Eller då han heng spikra fast på krossen på Golgata og ropar: «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?» talar det om sigersferd? Men her på Golgata vart den største siger som historia kjenner til, vunnen. Han stilte djevelen openberleg til skue, då han viste seg som sigerherre over han på krossen. Det som for menneskeauge såg ut for å vera det største nederlag og satans triumf, vart den ævelege siger over død og helvete. «Jesus vant og jeg har vunnet», syng songaren, og med rette. Påskemorgen sto Jesus opp frå døden og openberra

seg som sigerherren på Golgata. Han hadde fenge all makt i himmel og på jord. Og her ligg grunnen til Paulus sin sigersang: Gud vere takk som alltid fører oss fram på sigersferd i Kristus.

Då d. Johannes sat i fengsel, med mange tung tankar og spørsmål, såg det ut for å vera sigersferd? Men då bøddelel kom med hovudet hans på eit fat, var Johannes reist sigrande heim til Gud, boren av englar som er utsendt til teneste for deira skuld som skal erva frelsa.

Då Stefanus står i steinregnet frå ein rasande folkehop, er han på sigersferd. Han har sett himmelen open, og Jesus, som har reist seg for å ta imot den fyrste martyr etter si sigerrike oppstoda. Ein songar syng det slik: «Jeg vil takke min gjenløser For den seier han meg gav, så min sjel kan triumfere Over både død og grav.»

Då Paulus er på reis til Rom som fange, ombord på eit skip, då er han på sigersferd. Han begynte denne ferda då han som ein fortapt syndar i Damaskus, gjekk over frå døden til livet. Han blei fødd av Gud og kom inn i det rike som aldri kan gå under, *Guds rike*. I dette rike er sigeren vunnen, og den er vunnen av Jesus Kristus. Arvingane til dette rike, dei lever i den siger han har vunne. For alt som er født av Gud, det sigrar over verda; og dette er den siger som har sigra over verda: *Vår tru*. (1. Johs. 5,4.) Og Paulus skriv til Romarane i kap. 8,37 at me vinn meir enn siger ved han som elskar oss. Tenk, meir enn siger, som om ikkje det var nok med siger. Men så trygt og fast vil Gud at du skal få det, og kvila i det.

Ved avsluttinga av sitt liv seier Paulus: «Eg har stridt den gode striden, eg har fullenda laupet, og eg har halde trua.» (2. Timot. 4,7.) Han hadde nå sigra, og var ferdig til å ta den siste reis til endemålet for trua, frelse for sjela og sæla heime hjå Gud. Og så var det ein bøddel som kom og avslutta hans liv på jorda. Men det var noko denne bøddele ikkje kunne ta frå Paulus, og det var livet i Gud og sigersferda heim til himmelen. No fekk han erfara det han vitna om tidlegare: «Eg har hug til å fara herifrå og vera med Kristus, for det er så mykje betre.»

Me kan også nemna Hans Nielsen Hauge. Han gjekk heime på åkeren med hestane for plogen og song: «Jesus, din søte forening å smake Lenges og trenges mitt hjerte og sinn Riv meg fra alt det meg holder tilbake, Drag meg i deg, min begynnelse, in! Vis meg rett klarlig min jammer og møye, Vis meg fordervelsens avgrunn i meg, At seg naturen til døden bøye, Ånden alene må leve for deg!»

Denne dagen blei vendepunktet i Hauge sin levnad. Han blei født av Gud og kom inn i det rike som aldri går under, *sigersriket*. «Vidunderligst av alt på jord, er Jesu Kristi rike, dets herlighet er og så stor at det har ingen like.»

Det var ingen lett veg Hauge fekk gå, men han var alltid på sigersferd i Kristus. Verda si makt greidde ikkje lukka munnen som Herren hadde opna. Han hadde fenge eit kall og eit budskap frå Herren, og det var det ikkje noko makt i verda som kunne stoppa. Dei kunne setja han i fengsel, og der var han mange gonger, og på den måten hindra han i å ná ut, men budskapet kunne dei ikkje

hindra. Det brann i han også i fengselet, det vitnar songen på nr. 272 i songboka om, og det nådde dei utanfor. «Jeg er hos Gud i nåde — Hva skader verden meg Om den en stund får ráde og stenger megmin vei? Om den mitt legem binder I fengslets mørke skjul, Dog nåden overvinner Og holder glad sin jul.»

Hans jordiske lekam blei nedbroten, av alle gongene han sat i fengsel, og det var vel ikkje mange som såg at han var på sigersferd, men tenk, det var det han var.

For å vera på sigersferd i åndeleg tyding, er ikkje dette å ikkje ha motstand, forfylgjing, hån, spott og fengsel m.m. i denne verda.

Nei, Jesus har sagt at den som vil leva gudeleg i Kristus Jesus skal bli forfylgd. Men det er å vera komen inn i Guds nåde-rike der Jesus har sigra og vunne. Brorson syng i ein av sine salmar. «Hold eder alltid nær Til Kristis kors og vunder. Så ligger satan under Med hele mørkets hær.»

Gud har gjeve oss ein plass å leva mens me er her på jord, og det er ved *nådestolen, Golgata*. Her blei djevelen avvæpna, så her kan du trø han under fot med ordet om Jesus.

Til slutt vil eg spyrja deg som les, kva reis er du på? Er det den som endar i himmelen, der Jesus gjekk inn som vår fyregangsmann og vann oss ei evig utlösing?

Eller er det den veien som endar i fortapinga, i gråt og mørke? I dag er nådens tid, difor heiter det også *kom i dag, kom!* Alt er ferdigt!

Godtfred Nygård.

Den trugne hushaldaren

Då sa Herren! Ja, kvar er han, den trugne hushaldaren, den viture, som husbonden vil setja yver tenestefolket sitt, so han skal lata dei få kosten sin i rett tid? Luk. 12,42.

Jesus svarar Peter slik etter ein del av bergpreika, og om at dei er sæle som Han finn vakne når han kjem, anten han kjem midt på natta, eller når det lid ut i otta. — Herre, er det oss du taler om i denne likninga, eller alle andre med? Då sa Herren: Ja, kven er han, den trugne hushaldaren.

Ein hushaldar er ein som har fått eit gods, eiendom, eller forretning å ha ansvar for. Han må ha fått det av ein annen, med underskrift av begge parter. Vi veit det var mange som vart lurt av ein uærleg husbond, og mange var og dei som var uærlege mot sin husbond. Det gjeld for dette jordiske liv, slik og i det åndelige. Berre det at husbonden, Faderen, Sonen og Anden, aldri lurer nokon.

Husbonden i likninga er nok Gud sjølv. Men før verden vart lagt, vart Jesus hushaldar. Alt er vorte til ved han, og utan han vart ikkje ein einaste ting til av det som er vorte til.

Menneske fekk so hushaldarplassen på jorda. Den vart skremmande, og la alt det fullkomne under forgjengelegdom og evig død. Utrue hushaldarar. Adam med heile si slekt vart avsett, og driven bort.

Då set husbonden Sonen inn som hushaldar. Jesus, — som vi kjennes ved — han som var tru mot den som gjore han til det, liksom Moses var i heile hans

hus. Å, kor stort det er å lesa om denne hushaldar Jesus, og hans truskap. Høyr, so har Gud i desse siste dagar tala til oss gjennom Sonen, han som han har sett til arving over alle ting, som han og har gjort verda ved, — og ber alle ting ved sitt veldes ord, og difor, då han hadde gjort reinsing for syndene våre, sette seg ved høgre handa åt Majesteten i det høge. Heb. 1,1 fl.

Kva besto hans truskap i?

Fyrst dette, husbondens vilje fram om alt. Difor seier han då han stig inn i verda: Offer og gava vilde du ikkje hava, men ein lekam laga du åt meg. Sjå, eg kjem — i bokrullen er skrive om meg — og vil gjera, Gud, din vilje. Jesu vilje var kjærleik til husbonden. Kven kan fatta det? Så var han tru mot lova i alle ting, før den vart sett inn for synda si skuld. Den andre hushaldar skulde få prøva lova. Han bestod prøva i alle ting. Det som no kjem, vil vi be om Helligåndens lys og veiledning om, så vi ikkje vert unyttige høyfarar. Han måtte betala underskuddet, som var døden. «Det var ham svært å tenke på at verden skulde under gå, Det skar ham i hans hjerte. I sådan hjertens kjærighet, han kom til oss på jorden ned, og lindre all vår smerte.» Heile hushaldet som var under dommen, løyste han ut. Han gjorde det med sitt eige blod, og sitt heilage og fullkomne liv. Han betalte syndegjelda og lovens krav.

Han vann med sitt liv og blod, ei evig utløysing. Og difor er han mellommann

for ei ny pakt, for at dei som er kalla, skal få den evige arven som var lova, si- dan ein har døytt til utløysing frå mis- gjerningane i den fyrste pakta. Heb. 9,15.

Den trugne hushaldar døydde til fast- sett tid for ugudelege, syndarar og fien- dar. So alt hans, det er gjeve til utrugne og fortapte syndarar. Det er gjeve til frelse og evigt liv, seier Ordet. Han som gjorde døden til inkjes, og førde liv og uforgjengeliggjord fram for ljoset ved evangeliet. 2. Tim. 2,10.

Som Faderen kalla og sette Sonen inn, soleis kalla no Sonen og set inn sine te- narar. «Han som frelste oss, og kalla oss med eit heilagt kall, ikkje etter våre gjer- ningar, men etter si eiga rådgjerd, og den nåden som er oss gjeven i Kristus Je- sus frå evige tider.» 2. Tim. 2,9. Jesus har kalla oss til å gjera bruk av alt det han vann, og gjorde for oss. Alt sitt har han overleite til kvart menneske. Om du visste kva arv du er kalla til, og kva du er sett til hushaldar over. Dei aller fleste bryr seg ikkje om kallet eller det evige li- vet dei vart kalla til.

Korleis verta hushaldar over denne rikdom?

Det får ein ved tru på ordet om Jesus. Søk først Guds rike og hans rettferd, sa Jesus. Difor talar Jesus om å missa sitt evige liv, og å få livet i han. Det gamle er forganget, alt er vorte nytt. Den som har gjort denne erfaring seier med Johan-

nes: Vi såg hans herlegdom. Slik vert ein sett til forvaltar over det nye liv — Kristus Jesus.

Det kosta alt å vera tru mot Kristus Jesus, for det går ikkje an å forvalta sitt eige gamle menneske og samtidig det nye som er født av Gud. Den religiøse verda er svært så trugne hushaldarar, det ser vi på Jesu tid. Dei ærer meg med sine lip- per, men hjarta er langt borte i frå meg.

Kvar er so den trugne hushaldaren?

Kvar finst ein slik, og kva er kjennetei- knet? Han lever ikkje lengre sjølv. Si ei- ga rettferd held han for skarn. Han vil dela kår med husbonden, som og vart kalla Belsebul. Kunnskap, rikdom, men- neskeæra, og verda si glede er hans død. Difor er han alltid avhengig av Frelsa- ren, Stedfortredaren med alt det han er. For eg skjemmest ikkje ved evangeliet, det er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur, både for jøde fyrst, og so greker. Rom. 1,16. For det å leva er for meg Kristus, og det å døy er ei vinning. Filip. 1,21. Han søker ikkje sitt eige, men det som høyrer Kristus Jesus til. Dette er det sanne Guds barn tru imot, kor dårleg det måtte gå. Tru imot det han har fått i Jesu blod, Jesu liv, Jesu inngang til Faderen. Alt anna lyt fara, men dette må han eiga og gjera bruk av, til si eiga frelse, og for dei han skal leva saman med. Kva er so du trugen i mot?

Odd Dyrøy.



Lat oss gå fram for nådens kongsstol med frimod

(hebr. 4, 15—16)

Les me Hebrearbrevet med omtanke, vil me snart sjå at det har eit sers siktetmål for auga: Først å visa det jødiske folk og dei jødechristne, og deretter alle oss andre, at den første pakta blei oppheva i og ved Kristus, og at ei ny og hevare pakt er openberra.

Skrifta lærer klart at Gud har gjeve sitt folk to pakter, som her i Hebr. brevet er kalla den første pakta, eller lovpakta, og den nye pakta, nådepakta i Kristus. Det var nok vanskeleg for dei første kristne å sjå klart denne sanninga, som det ofte også kan vera for oss som lever i vår tid, og difor har Gud gjeve oss Hebrearbrevet.

Den første pakta gjorde Gud med sitt folk då han tok dei i handa og førde dei ut frå trælekåra i Egypt. Lova blei gitt ved Moses, nåden og sanninga kom ved Jesus Kristus, heiter det i Skrifta.

Moses fekk i oppdrag å byggja Tabernaklet etter den oppskrift Gud gav han og det biletet han synte han (Hebr. 8. kap.). Då plassen ikkje tillet å ta med alt her, kan du lesa om det i 2. Moseb. 25. kap. I Tabernaklet skulle han laga til eit rom, kalla det aller-heilagste, og der skulle han byggja og setja inn ei kista — paktekista — laga av tre og kledd med gull. Der skulle han leggja lovtavlene som Gud skreiv med sin eigen finger på steintavler og gav Moses på Sinaifjellet. Loket på denne kista skulle vera av reint gull, og er kalla *nådestolen*. I det aller-heilagste kunne ikkje noko menneske gå inn utan å døy, det viste Gud då sønene til Aron trossa påbodet og gjekk inn og

eld frå Gud tynte dei. (3. Moseb. 10. kap.) Berre Øvstepresten, folket sin mil-lommann, kunne gå inn ein gong om året, og då måtte han ofra ein stut og ein bukk som syndoffer for sine eigne synder og for folket sine synder. Blodet skulle han ha med seg inn i det aller-heilagste og skvetta det med fingeren på nådestolen og framfor nådestolen. På den måten skulle han gjera soning for seg, for huslyden sin, og for heile Israelslyden. Berre der ved *nådestolen* ville Gud møta han, og tala med han.

Denne første pakta med sine offer, fyresegner og gudstenester, hadde sin *jordiske heilagdom* (Hebr. 9, 1-fg.), pålagde til dess rettarbota kom (Hebr. 9,10). Skrifta seier at dei var berre kjøtlege fyresegner, eit biletet, ein skugge av det *himmelske* som skulle koma ved Kristus. Dei kunne aldri gjera den som tener Gud fullkommen etter samvitet, då dei berre var kjøtlege fyresegner pålagde til rettarbota ved Kristus som øvsteprest for dei tilkomande gode ting, som han gjekk gjennom det større og fullkomnare Tabernaklet, som ikkje er gjort av hender, det er: som ikkje er av denne skapning, og ikkje med blod av bukkar og kalvar, men *med sitt eige dyre blod*, ein gong inn i heilagdomen, og fann ei æveleg utløysing (Hebr. 9, 9-fg.).

Denne første pakta var ei årleg minning om synd, om at dei hadde brote Guds pakt, om at Gud er ein heilag Gud, og om at me treng alle om ein forsonar og frelsar om me skal møta Gud åsyn til åsyn og leva. Les Hebr. 10. kap.

Den nye pakta.

Alt gjennom prof. Jeremias forkynte Gud at han ville gjera ei ny pakt, der han ville vera nådig mot misgjerdene deira, og syndene deira ville han ikkje lenger koma i hug. Med di han seier ei ny har han dømt den fyrste som gamal, og det som er gamalt og forelda er nær ved å kverva bort (Hebr. 8, 10—13).

Den nye pakta har og sin heilagdom, det sanne tabernakl, som Herren har reist, og ikkje eit menneske. Det er i Himmelten, der Kristus sette seg ved høgre sida åt kongsstolen til Majesteten i himmlane (Hebr. 8, 1—2). I Hebr. 9,24 står det: «For Kristus gjekk ikkje inn i ein heilagdom som var gjort med hender og berre er eit bilet av den sanne, men inn i sjølve himmelen, til å syna seg for vår skuld.»

Når Jesus gjekk inn i denne heilagdommen, måtte han ha blod med seg, for Skrifta seier at utan blod vert utrent får ingen forlating for synd. Han var sjølv offerlambet og syndebukken som bar bort våre synder då han døydde utanfor lægret, og med sitt eige blod gjekk han inn i den rette heilagdommen og vann oss ei æveleg utlösing, ein gong for alle, så der trengs ikkje lenger noko offer for synd. Les Hebr. 10. kap.

Den nye pakta har også sin nådestol. I Rom. 3,25 står det: «*Honom (Jesus) synte Gud fram i blodet hans, som ein nådestol ved trua.* Soleis ville han syna si rettferd, av di han i sitt langmod hadde hatt tol med dei syndene som fyrr var gjorde — han ville syna si rettferd i den tida som nå er, so han kunne vera rettferdig og gjera den rettferdig som har trua på Jesus.»

Av dette ser me at den nye paktkista og nådestolen er Jesus, det ofret han bar og det verket han gjorde på Golgata. Du kan møta han i trua på ordet om krossen — evangeliet om Jesus — og sidan me har så stor ei sky av vitne ikring oss, så lat nå og oss leggja av alt som tyngjer og synda som heng så fast ved oss, med di me ser opp på opphavsmannen og fullendaren til trua, Jesus, han som leid for oss på krossen utan å vrurda skamma (Hebr. 12, 1-fg.).

Det gamle templet, som avløyste tabernaklet, i den gamle pakta er rive ned, og paktkista er borte, og me har fått det fullkomne og himmelske i staden. Om Jesu Kristi sanne menighet heiter det: «Veit de ikkje at de er Guds tempel, og at Guds ande bur i dykk? Tyner nokon Guds tempel, honom skal Gud tyna; for Guds tempel er heilagt, og det er de.» (1. Kor. 3, 16—17.) Og den nye pakts-arka med nådestolen er i himmelen der Jesus gjekk inn med sitt eige dyre blod.

For ei tid sidan hørde eg ein fortalte at ved hjelp av Makabæernes bok hadde dei nå funne ut kvar paktens ark var gøymd, og arkeologar var i ferd med å leita den fram. Det blei sagt at om den blei funnen, og kanskje tabernaklet blei oppbygt igjen, ville det få stor betydning for Israel, og ville føra til tru på Guds ord. Her kunne det høva å sitera Abrahams ord til den rike mann: «Dei har Moses og profetane, høyrer dei ikkje på dei, trur dei heller ikkje om nokon står opp frå dei døde. (Luk. 16.) Om dei skulle finna den gamle paktekista Gud har gøymt, ville det bli til ulukke for jødefolket som ennå lever i den gamle pakta og ikkje trur at Messias er komen, at Jesus var Guds Son.

Den tru og lære at Israel etter kjøtet er Guds folk, underforstått Guds barn i fylgje utvelginga, er ikkje rett etter Bibelen. Heller ikkje den tru at der ikkje skal drivast misjon og forkynning for dei. Det viser den kjennsgjerning at apostlane tok til å forkynna evangeliet millom jødefolket.

Jesu Kristi menighet har alltid, og vil i all framtid, bestå av jødar og hedningar. Når det gjeld vår frelse er der ingen forskjell på jøde og hedning, for med hjarta trur dei til rettferd og med munnen bekjenner dei Kristus til frelse. (Rom. 10. kap.) Og i 9. og 10. kap. i Romerbrevet seier Paulus at han ber ein sår verk i hjarta for frendane etter kjøtet, som har alt som hører den første pakta til (Rom. 9,4) og frå dei er Kristus komen etter kjøtet, og likevel er dei ikkje frelest. Det same stadfester Jesus om jødefolket som ikkje tok imot Jesus og ordet hans i hans samtid. (Johs. 8, 30—50.)

Det finst berre ein veg til frelse, for jøde først og så for hedning, og det er trua på Jesus, Guds Son, som døydde for våre synder på krossen, og sto opp til vår rettferdiggjering ved trua på han. *Sjå Galat. 2, 15—21!* og Efes. 2. kap.). Jesus sa også til apostlane at dei skulle ta til med forkynninga i Jerusalem og til jødefolket og ut til endane av jorda.

«Sidan me då har ein stor øvsteprest, som har gjenge gjennom himlane, Jesus, Guds Son, så lat oss halda fast på vedkjennen! For me *har ikkje* ein øvsteprest som *ikkje* kan ha medynk med vår vesaldom, men ein som er røynd i alle ting i likninga med oss, *då utan synd*. Lat oss difor med frimod ganga fram for nådens kongsstol, så me kan få mis-

kunn og finna nåde til hjelp i rette tid!»

Der er alle forkomne syndarar velkomne, og du skal få sitja med Jesus på nådestolen. «Den som sigrar, han vil eg gjeva å sitja med meg på min kongsstol, liksom eg hev sigra og sett meg med Far min på hans kongsstol.» (Openb. 3,21.)

De kjære, tru ikkje kvar ei ånd, men prøv om dei er av Gud, seier Guds ord. Det gjeld og den tiltakande interessa for Israel etter kjøtet, oppfyllinga av profetiane og Guds ord om Israel, og den framtidsretta forkynninga om eit Messias-rike på jorda når Jesus kjem att, der jødefolket har ein serstilling i ei ny tid for Guds rike sin framgang. Ver varsam, for her er det lett å ta feil på det som er sagt om det som skal koma, og vanskeleg å skilja rett millom det som er sagt om det jordiske og åndeleg Israel, og om det som skal skje her på jorda og det som tilhører den nye jorda som kjem. Sjå 2. Pet. brev 3. kap.

Eg synes mange er så interesserte i det som skjer i Israel, og det dei hører forkynt om desse ting, at Jesus Kristus og hans åndelege nåderike kjem heilt i skuggen. Det blir noko sjølvsagt, for det andre fangar tru og interessa og tanke, slik at det vil dominera i vitnemål og forkynning.

Blir du fanga her, fryktar eg for at det kan gå deg som Israel og koparormen. Då dei synda og straffedomen kom over dei ved giftslangane, fekk Moses påbod om å gjera ein koparorm og setja på ei stong, då dei ropa om frelse, og dei som såg på koparormen blei i livet. I 2. Kongebok 18,4 ser me at dei hadde gjort koparormen til ein avgud som dei ofra og tilbad, og kalla han Nehustan. Då Eseki-

as blei konge reiv han ned avgudane og knasa koparormen.

Av Jesu tale til Nikodemus i Johs. 3 ser me at han set opp ormen som fyrebilete på Jesus som skulle lyftast opp på krossen til frelse for oss. Slik og med den gamle pakt og paktesfolk, som Skrifta set opp som fyrebilete på Jesus og Jesu Kristi nåderike som skulle komma. Dei var utvalde til å ta imot Jesus, og evangeliet om han som skulle utgå frå jødane, og den gamle pakta hadde si tid inntil Jesus kom og oppretta sitt åndelege nåderike på jorda. Og lovnaden om dette rike blei gitt til Abraham og hans ætt, som er det same som Jesu Kristi ætt, som skulle bli til velsigning for alle ætter både av jøde og hedning. I Galat. 3,16-fg. står det: Men no vart lovnadene gjevne til Abraham og hans ætt; han seier ikkje: Og dine ættingar, liksom om mange, men som *om ein*: *Og di ætt, og det er Kristus*. Lenger nede i same kap. står det at Jesu Kristi rike er eit nåderike, og lova og lovpakta hadde til formål å驱ra og føra oss til Kristus, og den

som er komen til trua er løyst frå alt som tilhører den gamle pakta, og me er alle Guds barn ved trua på Kristus Jesus, er ikleddde Kristus.

Her er ikkje forskjell på jøde og hedning, træl eller fri mann, mann eller kvinna; for me er alle *ein* i Kristus Jesus. Men hører de Kristus til, so er de og Abrahams ætt, ervingar etter lovnaden. Ikkje alle som ættar frå Israel hører til det Israel som lovnaden gjeld, heller ikkje er dei alle Abrahams barn om dei ættar frå han. Det vil seja: Ikkje dei som er barn etter kjøtet, er Guds barn, men dei som er barn etter lovnaden, vert rekna til ætta. (Rom. 9, 6—8).

Så du kan med frimod gå fram for nådens kongsstol, for nådestolen i trua, for der set Jesus, og du vil bli vel motteken og finna miskunn og få nåde, og utan noko forteneste frå di side, bli barn og arving til Gud og oppteken i Jesu Kristi åndelege rike. Det ser ofte ringt ut her på jorda, men ein dag skal det stå fram i all sin herlegdom i nye himlar og ei ny jord.

Amund Lid.

Israels-teologi på avveie

Av Leif M. Michelsen

Frå «Dagen» tek me med fylgjande artikkel av Leif M. Michelsen, som kan gi lys over skrifta si lære om Israel og Jesu Kristi menighet, og over den gamle pakta og den nye pakta i Kristus. Les den under bøn og ljós over skrifta. Red.

Det er en sentral tanker i den kristne tro at GT får sin oppfyllelse i Kristus. Profetene skuet inn i den frelse som Jesus bragte, 1. Pet. 1,1 ofg. Derfor tolker NT gjennomført GT ut fra den forutset-

ning. GT og NT har samme sentrum. Det ligger i Joh. 3,16 — Kristusbegivenheten.

Det kan få meget store konsekvenser om en rokker ved denne forutsetning. Det er ikke vanskelig å se hvilke dyptgrindende konsekvenser det får for Israelsteologien, dersom en slutter å tenke slik.

1) For det første betyr det at Israel som folk isoleres fra Kristushendelsen

og får seg tildelt en egen rolle og betydning i frelseshistorien. Israels folkefrelse blir historiens mål — Som Per Faye-Hansen (PFH) sier i artikkelen «Grunnforskjellen mellom Karmel — og Israelsmisjonen». Dermed blir Israels politiske historie — ikke bare i GT men også fremover mot endetiden — et stykke frelseshistorie. Dette betyr igjen en sterk politisering av «frelseshistorien». Israels krigshistorie blir frelseshistorie, med alle de konsekvenser som det trekker med seg. Derfor rykker denne «frelseshistorie» også med inn i forkynnelsen. Krigsberetninger fra Midt-Østen får plass på prekestolen som om det skulle være et evangelium. Politisk motstand mot Israel får dimensjoner som svarer til den forutsetning at vi har med et stykke frelseshistorie — ikke med politisk historie i vanlig mening — å gjøre.

2) Det er typisk for denne tenkemåte at Israels stillingstagen til Jesus som den korsfestede øg oppstandne ikke kommer til å spille noen rolle for Israels utvelgelse. På tross av at hele GT er en eneste lang demonstrasjon av hvordan Gud oppdrar sitt folk til tro og hvordan han forkaster dem som ikke holder seg til ham i tro og lydighet — til tross for at NT i utallige tekster anvender den samme tenkemåte på Israel på Jesu tid (se f.eks. Mt. 21, 33-46; Ap.gj. 6, 8—7, 53) og roper Israel til omvendelse og tro på den Gud har sendt (Jesus) — fortsetter man i denne Israelsteologi å tale om Israel som Guds utvalgte folk uten at deres stilling til Guds handling i Jesus får spille noen utslagsgivende rolle. En taler som om det troende Israel, «roten som er hellig», «resten» i Rom. 11 — er fol-

ket Israel i sin helhet (Dagens lederartikkel 13.8.82) slik vi møter det i dag. Jødedom som religion uten Kristus kommer ikke i betraktnsing innenfor denne tenkemåte.

3) Fordi man tenker slik, blir Israelsmisjonen unødvendig. Saken settes på hode. Israel er Guds misjonsfolk — som misjonsbefalingen er gitt til. Den troende menighet skal ikke forkynne for Israel. Dette er stikk i strid med NT — som er rik på eksempler på evangelieforkynnelse overfor Israel. Jesus begynte sitt virke med å forkynne evangeliet om riket for Israel, Mk. 1,14. Hans disipler fortsatte denne forkynnelse, Mk. 6,12. Peters tale på pinsedag — da den kristne kirke ble grunnlagt — var evangelieforkynnelse til jøder. De som tok i mot ordet og vendte om, ble døpt og fikk Den Hellige Ånds gave. Denne disippelfloken kunne ikke tie om Jesus enda jødene påla dem det. — Ap.gj. 4, for de visste at det fantes ikke frelse i noe annet navn.

4) En selvstendiggjøring av Israel innenfor frelseshistorien medfører at NT's enhet mellom jøder og hedninger i det nye gudsfolk også sprenges. Jødene blir fortsatt i den nye pact også etter deres omvendelse — betraktet som «Israel» — ikke som kirke. Derfor kan PFH si at misjonsbefalingen ikke er gitt til kirken, fordi de 11 som mottok den ikke mottok den som Jesu Kristi troende disipler — dvs. som kirke, men som Israel. Ut fra denne betraktnsing blir kirken bare en parantes i Israels frelses- og misjonshistorie. Den nye pакts gudsfolk er underordnet en størrelse som er overført fra GT uten å bli preget og ny-skapt utfra evangeliets sentrum.

5) Når Israel på denne måten selvstendiggjøres fra Kristus, blir synagogen fortsatt betraktet som en guddommelig institusjon i frelseshistorien, slik PFH hevder. Fordi den kristosentriske tenkemåte er forlatt kan han hevde at synagogen som fornekter Jesus og holder seg bare til GT og de sen-jødiske skrifter — fortsatt får den Hellige Ånd og står under Åndens ledelse. I NT er Ånden Jesu Kristi Ånd, sendt av ham og gjennom ham. Ånden forklarer og levendegjør Jesus for oss, driver oss til å erkjenne sannheten i Jesus og vende om. PFH's tale om synagogens Ånds-besittelse er i strid med grunnleggende punkter i NT's lære om Åndens gjerning.

6) Når Israel som folk selvstendiggjøres i frelseshistorien blir læren om de siste ting omstøpt i overensstemmelse med utgangspunktet. Nå blir det klart at vår diskusjon om hvordan løftene til fedrene skal forståes ikke bare dreier seg om en bokstavelig eller en «åndelig» tolkning. Denne debatt står i en mye større sammenheng. Blir løftene Israels løfter og ikke frelsesløfter som oppfylles i Kristus, fører det med seg at Israel blir oppfyllsens folk istedet for Jesu troende disipler av jøder og hedninger. Dermed står vi i fare for å overta helt eller delvis et jødisk grunnskjema for endetidsbegivenhetene. Dette skjema er ikke likt til alle tider men det har bl.a. disse kjennetegn:

(a) Vekten ligger på et jødisk messiansk rike — den messianske tid — som en begrenset periode i endetiden og går forut for dommen og «den kommende tidsalder».

Jødisk er dette rike fordi jødedom-

men venter en jødisk messias og ikke en messias som i kristen mening er Guds Sønn: Når den kristne endetidtenkning kommer inn i disse baner venter man Jesus tilbake som jødisk konge i Jerusalem i tusenårsriket. Tusenårsriket får — i overensstemmelse med grunnstrukturen i jødisk tenkning — en vekt som det på ingen måte har i NT. PFH's tanker om Jesus som synlig jødisk konge i Jerusalem med Israel som sentrum i et politisk rike — er en tvers igjennom jødisk tankegang, som står i skarp motsetning til den kristne Gudsriketanken, der Jesus alt nå sitter ved Faderens høyre hånd i det høye og aldri igjen kan bli jødisk konge.

For å reparere på det faktum at NT sier så lite om tusenårsriket, og ikke legger noen vekt på Israels rolle i endetidsdramaet, overføres så GT's fremtidsbilder på NT. Denne overføring skjer uten at de tolkes kristosentrisk. Det betyr at alle fremtidsbilder i GT som gjelder Israel som politisk storrelse — fortsatt gjelder Israel i den nye pakt — og ikke tolkes i Kristus — dvs. på det som skjer i forlengelsen av Kristus-begivenheten. Vi får en lære om endetiden som i motsetning til Johannes Åpenbaring ikke har Lammet og de troende i sentrum, men Israel. Denne overføring er en misforståelse. Den hviler fullt ut på en uakseptabel selvstendiggjøring av GT-lig materiale. Jeg har fortsatt mine ord i behold: NT selv gir ikke noe materiale som viser at tanken om et politisk stor-Israel forsvarer sin plass i endetidsforventningen. Berg's påstand om at fremtidsbildene i GT's proferier må overføres på tusenårsriket — kan heller ikke forsvareres.

Fruktbarhetsløftet, fredsløftet, gjenreisningsløftet og løftet om Guds-nær vær møter oss ikke i teksten om tusenårsriket i Joh.åp. 20 — men er alle som én å finne i skildringen av det fullendte herligetsriket i Joh.åp. 21.

Denne Israelsteologi er en judaisering av kristentroen som innebærer adskillige faremomenter. Jeg skal ikke ha sagt at alle mennesker som er påvirket av denne Israels-teologi har villet fremme en slik utvikling. Jeg skal heller ikke ha sagt at alle som har gjort denne Israelsteologi til sin hjertesak «fær vilt i kristologien» som Berg uttrykker det. Det avhenger av hvor langt man driver synspunktene. Men denne tenkemåte er i seg selv et avvik fra den tenkemåte som NT representerer og kan føre oss inn i aksentforskyvninger i en forkynnelse og lære som har en betydelig grad av alvor over seg.

PFH's Israel-teologi er i så sterk grad drevet av fra Bibelens kristologiske sentrum, at det er nødvendig med et kraftig korrektiv. Istedet for å gi dette korrektiv, arbeider Dagens redaktør med formuleringer som tildekker faremomente ne og leder kristenfolket til å tenke i den retning på flere punkter. Mest påfallende er Bergs lederartikler om/mot Israelsmisjon — der han sier at vi ikke lengre skal «koma til jødane... for å læra dei kva sann omvending og tru er» — men istedet skal vi «vitna for jødiske brør om jøden Kristus, Messias». Det er — Gud skje lov — på mer enn én måte uklart hva Berg mener med disse lederartikler. Men i virkningen av dem er det — på bakgrunn av at vi har en slik Israels-teologi i svang — ikke vanskelig å forutsi. Disse formuleringer trenger i

høg grad en klargjøring — ikke minst den siste, som nettopp når det gjelder kristologien, leder oss helt ut på kanten av stupet og synes å være i direkte strid med Paulus' program i 1. Kor. 1,23: men vi forkynner en korsfestet Kristus, for jøder et anstøt, for hedningene en dårskap.

Alle dager

Av Berit Berg

Står du opp alle dager med en lys forvissning om at Jesus lever og er deg nær?

Det gjør ikke jeg.

I dag stod jeg opp i en åndelig gråskodde, hvor jeg ingen ting kunne se, annet enn det som var helt innpå meg. Og det var motløshet, tvil, ubesvarte bønner, mislykte forsøk, stengte dører, solide «bommer av jern» hvor jeg snudde meg.

Omsider måtte jeg se meg om etter Jesus. Jeg så ham ikke!

Da var det én som så meg. Det var han som åpnet Himmelten for syndere av alle slag, motløse, onde, mislykte, — ja, du kan vel denne beskrivelsen av deg selv? Men hva nå?

«Se, jeg er med dere alle dager», står det skrevet.

Ja vist står det slik!

Så måtte jeg slå opp Matt. 28 og leste hele kapitlet. Der vet du det er fortalt om hvordan det gikk for seg rent historisk da Jesus stod opp av graven. Engelen kom og veltet steinen bort og satte seg på den. Synet av ham skremte vaktene fra sans og samling, men han talte til de kvinnene som stod der og så dette drama. De ble også skremt.

— Vær ikke redd, sa han. Jeg vet at dere leter etter Jesus, han som ble korsfestet. — Skynd dere bort og si til disi-

plene hans at han har stått opp, og nå går han foran dere til Galilea, der dere skal få se ham.

Så skyndte de seg bort. Redde, men strålende glade, de løp avsted! Og som de kom springende etter veien, møter Jesus selv opp. Han sier det samme:

— Vær ikke redde! Gå og si det til mine brødre —.

Det hastet med å fortelle dette, kan vi forstå.

Og det er grunnen til at jeg måtte «skynde meg» å skrive disse linjene i dag, kanskje hastet det for deg å få høre det nok en gang?

Jesus er i live! Han stod opp av graven!

«Men i hans grav i haven
der er din synd begraven
til evig skjul og gjemme.»

Din synd tok han ikke med seg opp igjen!

Jesus holdt ord. De fikk se ham i Galilea, og det var der han sa disse velsigne-de ordene:

— Meg er gitt all makt i himmel og på jord. Gå derfor ut og gjør alle folkeslag til disipler, idet dere dørper dem til Fadrens og Sønnens og Den hellige Ånds navn, og lærer dem å holde alt det jeg har befalt dere. *Og se, jeg er med dere alle dager inntil verdens ende.*»

Også denne dagen, — en dag som er så vond at du ikke klarer å bære den. Du vet selv hva det er, men — *Herren vet det også!*

Fra «Evangelisten»

Golgata skjuler det alt!

Det hendte i et troende hjem at gutten deres en dag glemte seg helt bort. Tenk, han begynte å leke med en skitten fotball inne i selve beste-stuen. Og plutselig så mistet han ballen ut av hendene sine, og dermed plaserte ballen seg midt på veggen med en stygg og skitten flekk på tapetet.

Hva skulle han nå gjøre? Far og mor var i fjøset, heldigvis. Han måtte forsøke å vaske flekken bort. Han fant en klut i kjøkkenet, den vætet han litt, og så måtte han forsøke å få tørke det pent og lett bort. Men flekken ble våt og større, tilslutt gikk det hull på tapetet. Gråtende løp han ut til far og mor og fortalte om sine gutte-streker.

Ja, far var mildest talt fortvilet. Hva skulle han gjøre? De ventet gjester også den dagen. Plutselig får far en minnelse fra Gud. Et stort maleri av Jesus på korset hang ute i hjørnestua. Jo det ville skjule hele flekken. Og slik ble det. Maleriet av Jesus på korset ble hengt over flekken og hullet i tapetet.

Far ropte gutten inn, og da han kom inn i stua, så han ingen flekk og ikke noe hull for Jesus og korset skjulte det alt. Da mor kom inn så sa hun, så fin har veggenv aldri vært før. Og far sa: Jesus og Golgata skjuler det alt. Ja, du vet vel, at Jesus har betalt for alle dine synder, han vil tilgi og skjule all din synd. Takk ham for det.

A. S.
Fra «Dagen»